



SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksh.
Eidfjord formannskap	28.01.2013	002/13	ELNGUN

Offentleg**Gjelder søknad om løyve til endring gnr 20, bnr 2, teig nr 2 - dispensasjon****Dokument i saka:**

Nr	Dok.dato	Avs./Mot.	Tittel
1	I 10.07.2012	Rambøll Norge AS	Maurset. Gjelder søknad om tillatelse til endring gnr 20, bnr 2, teig nr 2.
2	U 23.07.2012	Rambøll Norge AS	Vilkår til søknad om tillatelse til bytting av mast på gnr 20, bnr 2, teig nr 2.
3	I 01.08.2012	Rambøll Norge AS	Gjelder arkivsak 12/617 - bytting av mast
4	I 01.08.2012	Høel Gard	Maurset omformerstasjon på Høloksli fjell, bytting av mast, kopi Eidfjord kommune
6	I 02.08.2012	Plansjefen	Høyringsdokument
9	U 02.08.2012	Rambøll Norge AS	Gebyr for handsaming av søknand om dispensasjon
7	U 02.08.2012	postmottak@fmho.no,; hfk@hfk.no,; Høel Gard; Christian Hybertsen; beathe_m@hotmail.com,; Karl David Stakseng; tom@viddagolf.no,	Høyringsdokument
8	U 02.08.2012	grethe.lill.ryeng@ramboll.no	Søknad om dispensasjon til byting av mast på Høloksla, gnr 20, bnr 1
10	I 05.08.2012	Rambøll Norge AS	Søknad om dispensasjon om oppføring

12	I	13.08.2012	Grethe Lill Ryeng	av anlegg i LNF område
11	I	14.08.2012	Rambøll Norge AS	Byggesak 12/617 - Tillegg til søknad
13	I	28.08.2012	Rambøll Norge AS	Byggesak 12/617 - Tillegg til søknad
				Byggesak 12/617 - Bilder som viser
				terreng og plassering.
14	U	13.09.2012	Rambøll Norge AS	Gjelder søknad om tillatelse til endring
				gnr 20, bnr 2, teig nr 2 - dispensasjon
15	I	18.09.2012	Nils Garen	Vedk. bygging av ny mast
16	I	01.10.2012	Nils Garen	Klage sak 095/12 Eidfjord
				formannskap
17	I	03.10.2012	Gunnar Sætre	Klage over tillatelse til oppføring av
				ny mast til erstatning for eksisterende
				på gbnr. 20/2 i Eidfjord
19	U	06.11.2012	Fylkesmannen i Hordaland	Oversending av handsaming av klage
				til endeleg avgjerd
20	I	19.12.2012	Fylkesmannen i Hordaland	Oppheving - Eidfjord - Gnr 20 bnr 1 -
				Mast
21	I	27.12.2012	Rambøll Norge AS	Kommentar til: Oppheving - Eidfjord -
				Gnr 20 bnr 1 - Mast.
23	I	14.01.2013	Rambøll Norge AS	Anleggsdata- Eidfjord - Gnr 20 bnr 1 -
				Mast.

Vedlagt:

Dok.nr. 20, 21, 23

Særutskrift skal sendast til: Nils Garen

Endeleg avgjerd i: Fylkesmannen i Hordaland

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eidfjord kommune opprettheldt sitt vedtak i sak 095/12. Det vert presisert at rett gnr/bnr er 20/1 på eigedomen der mast er plassert.

15.10.2012 Eidfjord formannskap

Handsaming:

Gunvall Medhus sa seg ugild i denne saka. Ingen vara møtte.

Røysting:

Samrøystes vedteke.

FSK-119/12 Vedtak:

Eidfjord kommune opprettheld sitt vedtak i sak 095/12. Det vert presisert at rett gnr/bnr er 20/1 på eigedomen der mast er plassert.

Saka gjeld:

Nils Garen klagar på formannskapet sitt vedtak i sak 095/12. Kommuneadvokaten er kontakta og det er motteke eit notat frå han som er unnateke offentlegheit.

Det er pkt 4 i vedtaket det er klaga på, i tillegg vert kommunen bede gjera greie for kvifor det er brukt "gnr 20 bnr 2, teig 2" i nemning av bruket. Her er det gjort ein feil frå Norkring som beklageleg vis ikkje er retta opp i saksregistrering og utgreiing. Rett gnr/bnr er 20/1, og det er inga teignr.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen for kommunen

Juridiske konsekvensar:

Det vert vist til vedlagte utgreiing frå kommuneadvokaten (unnateke offentlegheit).

Miljømessige konsekvensar:

Ingen utover utgreiing i saka.

Personalmessige konsekvensar:

Ingen kjente

Aud Opheim Lygre
rådmann

sakshandsamar

Tillegg innstilling:

28.01.2013 Eidfjord formannskap

Handsaming:

Gunvall Medhus sa seg ugild i denne saka, ingen vara var kalla inn.

Aslak Læg Reid sette fram slikt framlegg til vedtak:
pkt. 2 vert vald

Røysting:

Samrøystes vedteke, pkt 2.

FSK-002/13 Vedtak:

1. Med heimel i pbl §21-6 vert søknaden å avvisa. Tiltakshavar har ikkje dokumentert med skriftelege avtalar eller vist til munnlege avtalar at dei har dei privatrettslege rettar søknaden føreset.

Nye opplysningar i saka

Fylkesmannen har i si handsaming av klaga fatta vedtak om at kommunen sitt vedtak er kjent ugyldig. Dette er grunngjeve i;

1. Forvaltningslova (fvl.) § 24 fyrste ledd, slår fast at «*Enkeltvedtak skal grunngis*».
2. Fylkesmannen kan ikkje sjå at kommunen har gjort ei god nok vurdering og dermed gitt ei grunngjeving for kvifor det kan dispenserast for LNF-føremålet. Verken omsyna bak føremålet eller interessevurderinga omkring fordeler og ulemper er vurdert, jf. §19-2.

Resultatet av dette vedtaket er at kommunen må ta saka opp til ny handsaming. Det vil gå fram av tillegg innstilling ei grunngjeving

Det er søkjar/tiltakshavar som har ansvaret for å dokumentere at vilkåra for å gi løyve ligg føre. Kommunen meiner at kravet etter forvaltningsloven §17 om at saka skal vera best mogleg opplyst før vedtak vert fatta er oppfylt.

Fylkesmannen meiner vidare at kommunen ikkje har gjort god nok vurdering og gitt ei grunngjeving for dispensasjonen. I sak 095/12 var følgjande miljømessige konsekvensar nemnt;

Rambøll meiner det er gjort ein vurdering i forhold til naturmangfaldlova frå kommunen si side i samband med etablering av eksisterande tekniske installasjonar. Eksisterande installasjonar var sett opp i 1975 og lenge før naturmangfaldlova var vedteke og krav om vurderingar i forhold til naturmiljøet. Dei vurderingar og grunnlaget for vurderingar da masta var sett opp var mangelfullt i forhold til dagens kunnskapsgrunnlag. Det synest difor rett framleis å krevja ei vurdering etter naturmangfaldlova. Rambøll har gjort ei vurdering i tilgjengelege basar. Masta står innanfor område definert som villreinområde, omsynssone B. Dei konkluderer med at sidan det ikkje er nybygg, men utskifting av mast med noko utviding, er dette ikkje avgjerande for saka.

Det kan i tillegg føyast til;

Det skal presiserast at søknaden gjeld utskifting av ei eksisterande mast der den nye masta vert om lag 20m høgare. Generelt er det naudsynt å plassera mastar på høgder/toppar for å gje god rekkjevidde. I denne saka er alle tekniske installasjonar etablert og det er ikkje kjent at det er negative konsekvensar av desse. Norkring AS som er masteeigar opplyser at dersom masta skal erstattast med andre mastepunkt, krev dette 3 nye master. Utifrå det generelle utgangspunktet om kor mastar må plasserast, vil vurdering av nye mastepunkt medføra større inngrep og større kostnad. Fjellet på både sider av Sysendalen er villreinområde, så det er vanskeleg å sjå at ein alternativ plassering vil få mindre konsekvensar for villreinen.

Eksisterande plassering er heilt i utkanten av villreinområdet, masta står ikkje i eit område som medfører avstenging av trekk mot andre område.

I tillegg til ei vurdering av nye mastepunkt, vil det vera behov for kraftforsyning fram til kvar mast. Sysendalen er bygd ut med mykje hytter og område utanom byggjeområda er avsett til

friluftsområde/LNF-område. Trase for kraftforsyning vil måtte gå frå eksisterande linjenett sentralt i Sysendalen og medføra lange luftspenn.

Det er frå sentrale myndigheiter vedteke å byggja ut naudnettet. Så ser ikkje at ein kjem ut av denne saka utan å etablera ny mast i nærleiken av Sysendalen. Med det overordna utgangspunktet synest vidareføring av eksisterande mastepunkt å samla gje dei minste negative inngrep og konsekvensar.

Fylkesmannen nemner tilslutt det privatrettslege tilhøve, jf. Pbl §21-6 utan å leggja føringar for kommunen. Kommuneadvokaten har i ettertid moderert sin tolking av §21-6 og aksepterer Fylkesmannen sin tolking. Planutvalet kan fatta vedtak med heimel i §21-6 (*Dersom det framstår som klart for bygningsmyndighetene at tiltaksharer ikkje har de privatrettslige rettigheter søknaden forutsetter, kan søknaden avvises*). Det er ikkje lagt fram dokumentasjon på rett til å disponera eigedomen til føremålet. Dette er det sentrale punktet i klagen frå grunneigar. Kommuneadvokaten tilrådde kommunen å senda over fylkesmannens vedtak til ansvarlig søkjar for å få moglegheit til å kommentera fylkesmannens vedtak og eventuelt gjera nærare greie for dispensasjonsgrunnane og om mogleg i større grad sannsynlig gjera at det privatrettslege er i orden. Dette er gjort og Rambøll har svart. Det vert vist til anleggsdata kor grunneigar står nemnt som "felleseige". Søkjar meiner med dette at det har vore kontakt med grunneigar, sjølv om dei ikkje har ein skriftleg avtale å visa til. Når grunneigar står nemnt som "felleseige" tyder det på at det var vurdert at masta var plassert på eigedomen til Drølstøl-Skitsete-Hadle sameiga sin eigedom. Dette er naboeigedomen til gnr 20 bnr 1 som er den rette grunneigar. Mast og tilhøyrande hus står om lag 140m frå grensa til sameiga. Kraftforsyning til masta skjer med luftspenn frå Høl, dette tilseier at det må ha vore kontakt med eigar av gnr 20, bnr 1. Søkjar opplyser;

Rambøll har nå sendt søknader og forespørsler for mer enn 60 forskjellige anlegg rundt om i landet, og det er avtaler for alle sammen.

Som hovedregel er de tinglyst på den gjeldende eiendom. I dette tilfellet fant vi ikke avtalen, men det var opplyst i grunnlagsdokumentene at det var inngått avtale med et sameie. Eiendommen er senere overtatt av en privatperson, men også dette ligger noe tilbake i tid. I dette tilfellet har både Norkring AS og Rambøll forholdt seg til eier av eiendommen underveis i byggesaken og gitt opplysninger om at søknad ville bli sendt til kommunen.

Det har ikkje kome fram nye opplysningar i saka i forhold til det privatrettslege.

Utgangspunktet for kommunen er at det har stått ein mast der sidan 1975. Sjølv om plassen der masta står, har vore nemnd som "felleseige", synest det som usannsynleg at dåverande eigar av gnr. 20 bnr. 1 ikkje har vorte kontakta. Kraftforsyning til masta går over gnr. 20 bnr. 1 og denne kan ikkje vera etablert utan eigar var kjent med saka.

Frå Hardanger energi AS (HE) sine standardvilkår for rutinar for straumframføring vert teke med;

§ 3 – 2 Nettrasé og plassering av nødvendig utstyr

Ved fremføring av distribusjonsnett skal grunneier/fester på forhånd gis muligheter til å uttale seg om nettrasé og plassering av nødvendig utstyr. Nettselskapet skal påse at plassering og utførelse av nettet medfører minst mulig ulempe for grunneier/fester. For øvrig vises til "Lov om rettstilhøve mellom grannar" av 16. juni 1961 nr. 15 og "Plan og bygningsloven" av 14. juni 1985 nr. 77. Når nettselskapet bruker nett/trasé til annet enn energioverføring, skal dette skje uten unødvendig ulempe for grunneier/fester og installasjonseier.

Vedtaket frå sak 095/12:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 får Norkring AS løyve til å setja opp ny mast ved sidan av eksisterande mastepunkt på Høloksla som omsøkt på følgjande vilkår:

1. Den eksisterande masta med alle fundament og bardunfester skal fjernast.
2. All transport skal skje med helikopter på barmark eller med beltekøyrety på vinterføre.

3. Det skal ryddast opp etter anleggsperioden og avfall skal leverast til godkjent deponi.
4. Privatrettslege forhold vert tilrådd avklart før tiltaket vert ferdigstilt.

Konklusjon:

Det går fram at planutvalet har to moglege vedtak som kan fattas:

1. Eidfjord kommune opprettheld sitt vedtak i sak 095/12 med følgjande tillegg;
Grunngjeving:
 - Etter ei samla vurdering av konsekvensane for helse, miljø, sikkerheit og tilkomst, er vidareføring av eksisterande mastepunkt å føretrekkja.
 - Eksisterande lokalitet er totalt meir skånsamt enn å etablere 3 nye mastepunkt og får ikkje avgjerande betyding for arealføremålet det dispenserast frå.
 - Masta er ein del av eit landsdekkjande nett, vedteke utbygd av Stortinget, som og skal brukast av nytt naudnett, og har difor ein viktig og naudsynt samfunnsfunksjon.
2. Med heimel i pbl §21-6 vert søknaden å avvisa. Tiltakshavar har ikkje dokumentert med skriftlege avtalar eller vist til munnlege avtalar at dei har dei privatrettslege rettar søknaden føreset.

Konsekvens for grunneigar av vedtak alt. 1, er at Norkring kan setja i gang (under føresetnad av at Fylkesmannen ikkje har merknader). Grunneigar har høve til å stoppa arbeidet med å fremja krav for tingretten om såkalla mellombels råderett i medhald av tvistemålslova kap. 34 med krav om at Norkring AS vert kjent uheimla til å gjennomføra bygging før det ligg føre rettskraftig avgjerd.

Konsekvens av vedtak alt. 2, er truleg at Norkring AS påklagar vedtaket, men at Fylkesmannen stadfester kommunen sitt vedtak. Norkring AS vil måtte innleia forhandlingar med grunneigar og dersom dei ikkje kjem til semja, må Norkring AS søkja om ekspropriasjon. Når heimel føreligg vil Norkring AS måtte søkja kommunen om dispensasjon med heimel i pbl, slik søknaden ligg føre i dag.

Rådmann legg fram to framlegg til vedtak utan tilråding.